



DEN NORSKE KYRKJA  
Spjelkavik sokn

# Årsrapport 2024 Spjelkavik sokn

Årsmeldingar og årsrekneskap

«Min fars Hus» av Håkon Bleken

# Innhald

<b>Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>Spjelkavik sokn</b> .....	<b>5</b>
Soknerådet.....	5
Tilsette og stillingar .....	6
Økonomien til soknet .....	6
Inntekter.....	7
Utgifter .....	8
Bruk av fond .....	8
Likestilling i sokneråd og stab .....	10
<b>Sokneråd og stab</b> .....	<b>11</b>
Visjon.....	11
Viktige saker i 2024.....	11
Staben .....	11
Underutval .....	12
<b>Gudstenester og kyrkjelege handlingar</b> .....	<b>13</b>
Gudstenestene i 2024 .....	13
Framover .....	13
Kommentar til andre kyrkjelege handlingar.....	13
Soknepresten sine refleksjonar .....	14
<b>Hatlehol interimkyrkje</b> .....	<b>15</b>
Kyrkjelydsutvalet på Hatlehol.....	15
Kyrkjebygg Hatlehol .....	16
<b>Misjon</b> .....	<b>17</b>
Misjonsavtalar .....	17
Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS).....	17
Samarbeid med HimalPartner .....	17
<b>Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid</b> .....	<b>18</b>
Barne- og ungdomsutvalet.....	18
Trusopplæringa .....	19
Breiddetiltak i 2024.....	19
.....	21
Faste aktivitetar i 2024 .....	21
Samarbeid med barnehage og skule .....	23
Konfirmantarbeidet .....	23

Spjelkavik KFUK-KFUM-speidere.....	25
Blindheim KFUK-KFUM-speidere .....	27
<b>Diakoni.....</b>	<b>28</b>
Inkluderande fellesskap .....	28
Nestekjærleik .....	29
Kamp for rettferd og vern om skaperverket.....	30
Koordinering av frivillige.....	30
Internasjonal kafé.....	31
CrossYoga .....	32
<b>Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden .....</b>	<b>33</b>
Organisten si verksemd .....	33
Korskulen .....	33
Spjelkavik kyrkjekor .....	35
Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi.....	36
<b>Avslutning og takk .....</b>	<b>37</b>
<b>Årsrekneskapen .....</b>	<b>38</b>

## Innleiing

Spjelkavik sokn vart skilt ut frå Borgund sokn 1. juli 1977 og er i dag eitt av dei største sokna i Noreg. Spjelkavik kyrkje vart vigsla i oktober 1987. I tillegg til kyrkja vert gudstenester haldne i leigde lokale ved Ålesund folkehøgskule.

Soknet omfattar fleire område. I den ytre delen finn vi Lerstad, Åse, Furmyr, Olsvik, Moa og Spjelkavik, medan den indre delen omfattar Blindheim, Hatlehol, Flisnes, Emblem og øyane Tørla og Humla.

Til Spjelkavik kyrkje høyrer det ein urnelund, og soknet har gravplass på Hatlehol.



# Spjelkavik sokn

## Soknerådet

Soknerådet har hatt 6 ordinære representantar og 4 vararepresentantar. I tillegg kjem soknepresten som alltid er med i soknerådet. Det nye soknerådet trådde i funksjon frå 1. november 2023. Frå august 2024 fekk soknerådet dagleg leiar.

Soknerådet har hatt 11 møter og handsama 53 saker i 2024. Referat frå møta ligg tilgjengeleg på kyrkjelyden si heimeside.

Arbeidsutvalet har vore leiar, nestleiar, sekretær og sokneprest, i tillegg til dagleg leiar frå august.

<b>Medlem i soknerådet</b>	
Kjell-Egil Hanken	Leiar
Torunn Måseide	Nestleiar og representant til Fellesrådet
Anders Grytten	Sokneprest
Severin Roald	Sekretær
Ingrid Kristin Schistad Staff	Medlem, representant i Barne- og ungdomsutvalet
Jannike Gangstø Rogne	Medlem, leiar for kyrkjelydsutval Hatlehol
Bernt Laurits Skjong	Medlem
<i>Varamedlem</i>	
Lars Andreas Aspehaug	1.vara, representant Diakoniutvalet
Sveinung Remøy	2. vara
Berit Nerheim Andersen	3. vara
Arnfinn Kenneth Osdal	4. vara

Frå 1. september har Astrid Josefine Eide vore dageig leiar i soknet, og sekretær for rådet.

## Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Stillingstype og storleik	Namn	Merknad
Dagleg leiar, 50%	Astrid Josefine Eide	Tilsett f.o.m. 15.08.2024
Sokneprest, 100%	Anders Grytten	Tilsett i bispedømet
Kapellan, 100%	Bjarte Hove	Tilsett i bispedømet
Prest under utdanning, 60%	Gunnhild Barstad Løvold	Tilsett i bispedømet
Kyrkjetenar, 80%	Geir Flåm	Tilsett t.o.m. januar 2024
Kyrkjetenar, 80%	Daniel Filar	Tilsett f.o.m. februar 2024
Kantor, 100 %	Oddgeir Nossen	Tilsett f.o.m. april 2024
Diakon, 100%	Åsrun Håvik	
Kateket, 100%	Jon Ivar Tønnesen	
Kyrkjelydspedagog, 100%	Kathinka R. Møller	
Kateket i trusopplæringa, 100%	Sølvi Irene Ulvestad	
Frivilligkoordinator, 20%	Aud Romslo Schistad	Tilsett t.o.m. 31.07.2024 Løna av soknerådet
Dirigent / korleiar, 15%	Ragnhild Eide Akssen	
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Benjamin Møller	
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Ingrid Tønnesen	
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Linnéa Møller	
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Jan Ketil Vinnes	v/ Ålesund folkehøgskole
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Lars Johan Thomassen	v/ Ålesund folkehøgskole
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Siri Ulvestad	v/ Ålesund folkehøgskole
Kyrkjetenarvikar, timeløn	Rune Slettebø	v/ Ålesund folkehøgskole
Diakoni / musikk, timeløn	Johan Grytten	
Organist, timeløn	Arvid Havåg	

## Økonomien til soknet

Årsrekneskapen for 2024 viser eit samla positivt brutto driftsresultat på kr. 2 699. Etter bruk av fond, finansinntekter og finansieringstransaksjonar viser resultatet eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 171 252.

Ein viktig nyheit i år er plasseringa av investeringsmidlane for Hatlehol kyrkje i *Møre Rentefond*. Soknerådet valde å flytte midlane til rentefond for å bevare kjøpekrafta over tid utan å ta for stor risiko, medan ein ventar på å realisere prosjektet. Å la pengane stå på ein høgrentekonto over lengre tid ville ha ført til ein gradvis reduksjon i kjøpekrafta.

På forespørsel frå revisor vart det gjennomført ein stresstest for å vurdere risikoen ved plasseringa. *Sparebanken Møre Kapitalforvaltning* vurderer at plasseringa er innanfor det som kan definerast som «ikkje vesentleg risiko». *Sparebanken Møre Kapitalforvaltning* understrekar samtidig at investeringar i aksjemarknaden må vere langsiktige for å kunne dra nytte av oppgangsperiodar som følgjer etter nedgang.

Etter grundige diskusjonar vart soknerådet einige om å nytte ein profesjonell forvaltar av midlane, som også overvaker at investeringane er i tråd med mandatet fastsett i finansreglementet. Den normale fordelinga er 75 % i renter og 25 % i aksjar, med eit maks tak på 35 % aksjar.

### Inntekter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå budsjettet på inntektssida. Hovudgrunnen til dette er følgjande:

#### Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Her ligg inntektene kr. 93 511 lågare enn budsjettet. Dette skuldast mellom anna ein nedgang i antal konfirmantar og ein nedgang i inntekter frå basar og konsertar.

#### Refusjonar/overføringar

Forventa inntekt som følgje av refusjonar er kr. 54 700 lågare enn budsjettet, fordi soknet ikkje har hatt fleire utgifter som skulle refunderast av fellesrådet. Tidlegare har mellom anna utgifter til kontormateriell og liknande blitt bestilt og lagt ut for av soknet, men utgiftene vert no handsama av fellesrådet direkte.

#### Statlege tilskot

I denne kategorien ligg resultatet lågare enn budsjettet med ein differanse på kr. 59 060. Dette skuldast mellom anna at statlege tilskot frå Kulturdirektoratet er ført mot ein annan konto (8700 Tilskudd/gaver frå andre).

#### Rammeoverføring/tilskot frå eigen kommune og tilskot frå fellesråd/sokneråd

I 2024 har ikkje soknet mottatt tilskot frå Ålesund kommune eller Ålesund Kyrkjelege Fellesråd, noko som var budsjettet med høvesvis kr. 10 000 og kr. 50 000. Dette fører til ein differanse på til saman kr. 60 000 mellom budsjett og rekneskap.

#### Andre tilskot, gåver og innsamla midlar

Denne kategorien viser ei inntekt som er kr. 105 457 høgare enn budsjettet. Dette skuldast mellom anna at eit tilskot frå *Sparebanken Møre TEFT Kulturscene* på kr. 180 000 vart registrert i driftsrekneskapen før det vart avsett til bunde fond. Soknet har òg mottatt tilskot frå *Stiftelsen Kjell Holm* og statlege midlar frå *Kulturdirektoratet* under denne kategorien.

Samtidig venta vi eit tilskot frå Norsk Folkehjelp for gjennomføringa av Internasjonal Kafé i 2024. Grunna forseinka saksbehandling vil desse inntektene først bli bokført i 2025.

## Utgifter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå budsjettet på utgiftssida. Hovudgrunnen til dette er følgande:

### Lønn og sosiale utgifter

Omtrent som budsjettet og på nivå med 2023.

### Kjøp av varer og tenester

Her ligg dei totale utgiftene kr. 116 065 under budsjett. Dette skuldast mellom anna eit lågare forbruk i høve aktivitetsbasert materiell enn venta, men òg ei lågare utgift knytt til annonsering og informasjonsarbeid. Vi ser samtidig at det er brukt mindre på musikartenester enn budsjettet, også samanlikna med resultatet frå 2023.

Samtidig har kostnader rundt *leige av lokaler og grunn* auka i forhold til budsjettet med kr. 31 900. Dette skuldast auka aktivitet ved Hatlehol og ditto utgifter til leige av lokale ved Ålesund Folkehøgskule.

Utgiftene til konfirmantleir ser høgare ut samanlikna med 2023. Resultatet i 2024 er også høgare enn budsjettet. Dette skuldast at kostnader knytt til *KRIK KonfAction-leir* på kr. 75 000 i 2023 vart kontert mot ein annan konto enn i 2024. Når det gjeld utgiftene til konfirmantopplegget i Spjelkavik har vi ei meir eller mindre tilsvarande inntektsside som følgje av deltakaravgifta.

Utgifter til opplæring og kurs viser eit resultat som er kr. 32 000 høgare enn budsjettet. Dette dreier seg om at soknerådet tok utgiftene knytt til eit leiropphald ved Brusdalsheimen som Korskulen arrangerte.

### Refusjonar/overføringar, meirverdiavgift

Her ligg vi kr. 23 645 under budsjett. Dette skuldast at ingen tiltrådde stillinga som frivillegkoordinator etter sommaren.

### Tilskot og gåver til andre

Her ligg vi kr. 25 735,63 over budsjett. Denne kategorien dreier seg om dei midlane soknet samlar inn til andre gjennom offer og andre innsamlingar og som går ut igjen til mottakarane. Her ligg òg ei utgift på kr. 40 000 som var ei driftsstøtte frå soknerådet til *Korskulen i Spjelkavik*, som ikkje var budsjettet.

### Bruk av fond

Hausten 2024 søkte soknerådet *Sparebanken Møre TEFT Kulturscene* om midlar til nye scenelys i kyrkjerommet til Spjelkavik kyrkje og vart tildelt kr. 180 000. Desse pengane vart sett av på eit nyoppretta bunde fond med *scenelys i kyrkjerommet* som formål.

Det vart ikkje brukt av dei bunde fonda i 2024.

### Offer/kollekt

Det vart samla inn totalt kr. 581 475,28 ved offer/kollekt i kyrkja. Av dette var kr. 295 876,15 til eiga verksemd.



## Givartenesten

Gjennom soknet sin givarteneste vart det samla inn total kr. 124 450 til eiga verksemd.

## Andre innsamlingar, gåver, basar og liknande

- Fasteaksjonen samla inn kr. 93 832
- Laurdagskaféen på Hatlehol samla inn kr. 54 198,48

## Framovermelding

Spjelkavik sokn ønskjer å sjå framover og leggje eit godt grunnlag for både kortsiktige tiltak og langsiktig økonomisk berekraft. I ei tid der samfunnstrendar og økonomiske rammer i kommune, fellesråd og bispedømmet peiker mot strammare budsjettering og nedskjeringar, vert det stadig viktigare med ei sterk og stabil inntektsside.

Ein av dei viktigaste faktorane for økonomisk stabilitet på sikt er *faste givartenester*. Med uvisse knytt til offentlege midlar og støtteordningar, vert det avgjerande å ha ein solid base av faste givarar som kan bidra til kyrkjelydsarbeidet. Dette sikrar forutsigbar finansiering av drift og aktivitetar, og gjer det lettare å planleggje langsiktig. Difor kan det vere eit rett tidspunkt å tenkje på ei *revitalisering av givartenesta*. Dette kan til dømes innebere ein fornya informasjonskampanje om kor viktig slike bidrag er, kombinert med ein meir synleg innsats for å rekruttere nye givarar. Kanskje bør det også vurderast nye måtar å gi på, som kan appellere til fleire – til dømes gjennom enklare digitale løysingar eller spesifikke prosjektinnsamlingar.

Samtidig som soknet ser på moglegheiter for å styrke inntektssida, er det også viktig å prioritere investeringar som kan gi meirverdi både for kyrkjelyden og for lokalsamfunnet. Det er tre konkrete investeringar som har vorte diskutert:

### Scenelys til kyrkja

Ei oppgradering av scenelyset i kyrkja vil kunne gi langt betre forhold for både arrangement, konsertar og andre samlingar. Dette er ikkje berre ei investering i betre lysforhold, men også i kyrkja si rolle som ein kulturell møteplass. Tilskot frå *Sparebanken møre TEFT Kulturscene* gjer dette mogleg, noko som reduserer kostnaden for soknet betrakteleg.

### Klatretak til klatretårnet

Klatretårnet er ein unik ressurs for soknet og kan gi barn og unge eit spennande og aktivt møte med kyrkjelyden. Ved å investere i nye klatretak (gripeklossar), kan ein sikre at anlegget er funksjonelt og attraktivt for vidare bruk. Dette vil vere eit viktig bidrag til trusopplæring og inkluderande aktivitetar for både kyrkjelydsborn og andre i lokalsamfunnet.

### Nye møblar til salongen i kyrkjekjellaren

Salongen i kyrkjekjellaren er eit mykje brukt rom, både til møte, samlingar og sosialt fellesskap. Med tida har møblane vorte slitne, og det er behov for ei oppgradering for å skape ein meir innbydande og funksjonell møteplass. Nye møblar vil bidra til å gi rommet eit løft og gjere det meir tiltalende for kyrkjelydsarbeid og andre aktivitetar.

Ved å satse både på langsiktige og kortsiktige tiltak, kan Spjelkavik sokn styrke si økonomiske berekraft og vidareutvikle kyrkjelydsarbeidet. Ein revitalisert givarteneste kan sikre stabile inntekter, medan strategiske investeringar kan styrke både den kulturelle og sosiale rolla kyrkja har i lokalsamfunnet. Med gode prioriteringar og målretta innsats kan soknet sjå optimistisk på framtida, sjølv i møte med økonomiske utfordringar.

### **Likestilling i sokneråd og stab**

I Spjelkavik sokneråd er det 8 faste medlemmar, 6 av dei er folkevalde pluss sokneprest og dagleg leiar. Av dei faste medlemmane er det 5 menn og 4 kvinner. Av dei tilsette i faste stillingar var det i 2024, 6 kvinner og 5 menn.

# Sokneråd og stab

## Visjon

Sidan det nye soknerådet tok til i november 2023, har §12, første ledd, i *Kirkeordning for Den norske kyrkja* vore den leiande visjonen for arbeidet.

## § 12. Menighetsrådets oppgaver

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

## Viktige saker i 2024

- Relasjonsbygging mellom stab og sokneråd
- Kyrkjelydsfelleskap Spjelkavik og Hatlehol
- Hatlehol kyrkjebygg

## Staben

I løpet av 2024 har vi hatt fleire spennande endringar i staben, og vi er glade for å ønske nye medarbeidarar velkomne.

I mars tok Daniel Filar over som kyrkjetenar etter Geir Flåm, og i april byrja Oddgeir Nossen som ny kantor etter Ane Rypdal. Begge har gått inn i sine roller med stort engasjement og bidreg til eit levande kyrkjelydsliv.

I august gjekk Aud Romslo Schistad ut av stillinga som frivilligkoordinator. Oppgåvene ho hadde ansvar for, vert no handterte av den medarbeidaren i staben som har ansvar for den aktuelle aktiviteten.

Samstundes vart Astrid Josefine Eide tilsett som ny dagleg leiar i 50 % stilling. Ho kombinerer denne rolla med å vere dagleg leiar for Skodje og Ørskog sokn i dei resterande 50 %. Vi ser fram til det ho kan tilføre kyrkjelyden med sin erfaring og leiareigenskapar.

Gunnhild Barstad Løvold har i 2024 vore prest under utdanning (PUU) og har kombinert 60% presteteneste i Spjelkavik med 40% studiar. Ho har vore ein viktig del av staben og bidreg med både fagleg tyngde og eit varmt engasjement. Gunnhild er ferdig med sine studiar til sommaren 2025 og skal ordinerast her i Spjelkavik kyrkje i løpet av september 2025.

Vi er takksame for innsatsen til dei som har avslutta sine tenester, og vi ser med glede fram til vidare samarbeid med dei nye medarbeidarane våre.


## Underutval

Spjelkavik sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

### Spjelkavik sokneråd har følgande underutval

- Arbeidsutvalet
- Barne- og ungdomsutvalet
- Misjonsutvalet – *avvikla hausten 2024*
- Diakoniutvalet
- Kulturutvalet
- Hatlehol kyrkjebygg-utval
- Hatlehol kyrkjelyd-utval



«Den hellige familie»

**Kjelde:** boka «Glasskunsten i Spjelkavik kirke»

## Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Kva	2022	2023	2024
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	99	91	90
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	50	46	50
<i>Totalt antal gudstenester i Spjelkavik sokn</i>	<i>149</i>	<i>137</i>	<i>140</i>
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	8803*	14256	14399
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	89*	157	
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	7843	7082	8248
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	150	154	
<i>Totalt frammøte på gudstenester</i>	<i>16286</i>	<i>21338</i>	<i>22647</i>
Tal på gudstenester med nattverd	90	94	92
Tal totalt til nattverd	6087	6207	6558
Dåp	91	101	78
Konfirmerte	189	189	214
Vigsel	1	4	9
Gravferder	137	140	128
Utmeldingar	63	76	63
Innmeldingar	9	26	13

\*Tala var ført opp feil i statistikken i 2022

### Gudstenestene i 2024

Gudstenestedeltakinga er stabil både i Spjelkavik og på Hatlehol. Nattverddeltakinga har auka dei siste tre åra. Fleire barn deltek, noko som kan bidra til å senke terskelen for deltaking blant dåpsfylgje og konfirmantforeldre.

### Framover

På grunn av nedskjering i presteressursane i prostiet kan vi ikkje lenger delta med prest på Olsok-gudstenesta i Borgund eller på Dyrøya 2. pinsedag. Vi har heller ikkje moglegheit til å ha prest på formiddagsgudstenester lenger.

Likevel tilbyr vi eit breitt spekter av gudstenester i soknet, mellom anna Keltisk kveldsbøn, formiddagsgudstenester leia av diakon og kateketar, gudsteneste på Oskeonsdag, samt dei ordinære søndagsgudstenestene i kyrkja og på Hatlehol. I tillegg prioriterer vi gudstenester på institusjonar i soknet i samband med jul og påske.

### Kommentar til andre kyrkjelege handlingar

Vi ser ei aukande interesse for å gifte seg i Spjelkavik kyrkje. Det er viktig å få fram at eit bryllaup i kyrkja ikkje treng å vere ei stor og kostbar feiring. Det er fullt mogleg å gifte seg på ein enkel måte med berre nokre få til stades – like enkelt som på rådhuset, men med forbøn og velsigning som ein del av seremonien.

Mange av medlemene våre vel å døype barna sine i andre kyrkjer, særleg i Borgund. Dette gjer at den kjenslemessige tilknytninga til Spjelkavik kyrkje vert svakare for mange.

## Soknepresten sine refleksjoner

Blant de klokeste bøker som er skrevet, er bøkene om Ole Brumm høyt oppe på lista.

*En dag vennene Nasse Nøff og Ole Brumm er ute og går, spør Nasse: "Hvor skal vi?" "Jeg vet ikke", sa Ole Brumm - og så gikk de dit.*

Kanskje er denne episoden en slags lignelse på det å være kirke. Vi vet ikke helt hvor veien går, det er ikke så enkelt å sette opp konkrete mål. Vårt kall er først og fremst "å være". Være et sted der mennesker kan finne trygghet, fellesskap og håp. Det kan ikke vedtas - det må leves. Som Ole Brumm svarte da Nasse spurte hvordan "kjærlighet" staves: "Man staver ikke kjærlighet, man føler den."

Det vi som medarbeidere i kirken kan gjøre, er å legge til rette for gode møteplasser der relasjoner og tro får utvikle seg. Det handler kanskje like mye om å la seg forme av evangeliet som å ha de riktige strategiene på en Powerpoint. Gudstjenestene, Korskolen, Speiderarbeid, Minigospel, Strikkekafe, Formiddagstreff, konfirmantarbeidet, trosopplæringen, sorgarbeidet, besøk, samtaler og alt det andre som skjer i kyrkjelyden, handler om dette.

Likevel, vi har ansvar for å forvalte ressursene våre til beste for menneskene i soknet. Derfor må vi stadig spørre oss selv hva vi bruker tid og penger på og hvem vi overser?

De siste tiårene har samfunnet endret seg. Tid er blitt et knapphetsgode for nye generasjoner. Det gjør noe med frivillighetskulturen. Tilhørighet til kirken og kristen tro er vesentlig endret gjennom sekularisering. Tilflytting endrer bånd mellom lokalkirke og innbyggere. Dermed er kirken i ferd med å bli ganske usynlig for mange. Møter vi dette ved å bli oss selv nok eller våge å bevege oss ut av bygget vårt?

Spjelkavik kyrkjelyd er i den heldige situasjon at vi fortsatt er svært levende. Årsstatistikken viser at ting går greit. Det betyr at vi har mulighet til å møte framtiden uten frykt, men heller spørre hva vi kan bidra med for menneskene og lokalmiljøet. For som Brumm sier: "Du kan ikke bli værende i hjørnet ditt av Skogen og vente på at andre skal komme til deg. Du må noen ganger gå til dem."

*Anders G. Grytten*

## Hatlehol interimkyrkje

Hatlehol interimkyrkje er ei mellombels kyrkje som er ein del av Spjelkavik sokn. Sidan den permanente Hatlehol kyrkje enno ikkje er bygd, blir gudstenester haldne omlag annakvar søndag i festsalen på Ålesund folkehøgskole, som ligg i indre del av soknet.

Dette gir kyrkjelyden eit samlingspunkt for gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar medan dei ventar på at den nye kyrkja skal stå ferdig.

### Kyrkjelydsutvalet på Hatlehol

Medlemer i utvalet	
<b>Jannike Gangstø Rogne</b>	Leiar
<b>Inger Sofie Heggland</b>	Medlem
<b>Erik Schistad Staff</b>	Medlem
<b>Tore Johan Øvstebø</b>	Medlem
<b>Anders Grytten</b>	Sokneprest
<b>Aud Schistad (vår 2024)</b>	Representant frå staben
<b>Sølvi Irene Ulvestad (haust 2024)</b>	Representant frå staben

#### Dette gleder oss det siste året

Hatlehol kyrkjelyd har mange frivillige som bidrar stort i arbeidet på Hatlehol. Annakvar søndag stiller det opp ei gruppe frivillige på om lag 10-12 personar for å få gjennomført gudstenestene. Det er eit rikt og unikt fellesskap som står saman i arbeidet. Gudstenestene har hatt godt oppmøte. Det er tilbod om søndagsskule og bibelgjengen på gudstenestene. Trusopplæringsaktivitetar, som 4-årsbok og 1. klassebok, har vore del av gudstenestene. I tillegg har konfirmantar deltatt som ministrantar som del av konfirmantopplegget.

Heime på Hatlehol har hatt fleire samlingar gjennom året. Dette er eit arrangement med låg terskel for å invitere naboar og vener.

Hatlehol kyrkjelyd har auka aktivitetsnivået hausten 2024, med aktivitetar på torsdagane. Annakvar torsdag har det vore minigospel og strikkekafé. På minigospel var det litt over 20 barn registrert i alderen 3-6 år, og på øvingane kom i tillegg yngre og eldre søsken, foreldre og besteforeldre. Etter minigospel har det vore strikkekafé, med sosialt samvær og god prat rundt bordet, og kveldsmat.

I løpet av hausten vart det invitert til temasamlingar. Desse temakveldane er ein stad å snakke saman om å leve som kristne.

Siste torsdagen i oktober var det familiearrangement på Halloween.

Basaren vart i 2024 byta ut med lørdagskafé. På kaféen var det sal av kaker, lek for barna og innslag av element frå basaren. Det var stort oppmøte i alle aldrar. Lørdagskaféen gav eit overskot på ca. 50.000 kr.

## Dette er våre utfordringar framover

- Eit auka aktivitetsnivå gjer at det er behov for fleire nye frivillige i arbeidet. Hatlehol kyrkjelyd må arbeide for å ta vare på dei frivillige som allereie er aktive.
- Kyrkjelyden må fortsette å skape gode møtestadar utanom gudstenestene, og ta i vare barn, barnefamiliar og andre som no kjem til Hatlehol kyrkjelyd.
- Det er behov for å synleggjere lokasjonen til Hatlehol kyrkjelyd i nærmiljøet.



Fullt hus under Laurdagskaféen på Hatlehol hausten 2024.  
Spjelkavik kyrkjes ungdomskantori med vakker song frå scena.  
**Foto:** Sølvi Ulvestad

## Kyrkjebygg Hatlehol

Gjennom 2024 har det blitt jobba med planlegging av bygget saman med eit arkitektkontor. Det er utarbeidd ein plan slik at prosjektet skal vere klart til budsjettkonferansen i kommunen hausten 2027. Før dette skjer, skal vi i foranalysen finne ut kva bygget skal innehalde, korleis det skal sjå ut, og ikkje minst kva det skal koste.

Det er ingen tvil om at bygget må reduserast i omfang samanlikna med det førre prosjektet, som vart altfor dyrt. Samstundes blir det bygd kyrkjer rundt om i landet, og fleire kyrkjelydar har byggeprosjekt på gang.

No skal foranalysen lysast ut på anbod før det blir avgjort kven som skal gjennomføre han saman med soknet. Dette blir ein spennande fase der vi kan ta med oss mykje av det gode arbeidet frå det førre prosjektet, samtidig som vi tenkjer nye tankar.



## Misjon

Hausten 2023 hadde Misjonsutvalet sitt siste offisielle styremøte. Med i utvalet var Sølvi Ulvestad frå staben, Jon Inge Lervåg frå soknerådet, Ingrid Edland Leine frå NMS og Bjørn Ødegaard frå HimalPartner.

### Misjonsavtalar

Spjelkavik sokn har to aktive misjonsavtalar.

- **Det norske Misjonsselskap (NMS) – prosjekter i Midtausten**
  - Avtaleperiode: 01.10.2021-01.10.2025
- **HimalPartner – fasilitatorutdanning i Nepal**
  - Avtaleperiode: 01.06.2024 til 31.05.2026

### Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Geir Sakseid var med på misjonsgudstjeneste i Hatlehol januar 2024. Det har vært to innsamlingar til NMS som kollekt ved gudstjenester i 2024. Ingrid Edland Leine er soknet sin kontaktperson for NMS.

### Samarbeid med HimalPartner

Første påskedag 2024 vart offeret i kyrkja gitt til HimalPartner, og menigheita fekk ei helsing frå Kathmandu gjennom kontaktene sine, Gunn og Jan Roald, samt Bjørn Ødegaard. Samstundes arbeidde det nye soknerådet med å underteikne ei ny misjonsavtale med HimalPartner.

Den 27. april var rundt 80 konfirmantar samla til misjonslaurdag i Amfiet på Spjelkavik ungdomsskule. HimalPartner bidrog med smykkeverkstad og eit engasjerande foredrag med bilete.

Hausten 2024 vart det gjort endringar i misjonsarbeidet. Sokneprest Anders Grytten tok over som kontaktledd for HimalPartner, og misjonsutvalet vart lagt ned.

Den 15. november vart det arrangert misjonsgudsteneste i Spjelkavik kyrkje, og ein måned seinare, den 15. desember, var det mini-julemesse i Hatlehol.

På nyåret, den 16. januar 2025, vart det invitert til temakveld i kyrkjekjellaren. Filmskapar Jan Kåre Roald viste filmar frå påsketuren, med Åsrún Eli Håvik som leiar for kvelden. Omlag 80 personar møtte opp, og det vart gode samtalar og refleksjonar i etterkant.

# Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

## Barne- og ungdomsutvalet

Medlemer i utvalet	
<b>Kathinka R. Møller</b>	Leiar og representant frå stab
<b>Ingrid Kristin Staff</b>	Representant frå soknerådet
<b>Lars Andreas Aspehaug</b>	Representant frå soknerådet
<b>Helen Myrstad Hovland</b>	Medlem
<b>Audun Halsen</b>	Medlem
<b>Jens Kristian Iversen</b>	Medlem
<b>Monica Dalseth</b>	Medlem

I løpet av 2024 har utvalet hatt fire møter.

Barne- og ungdomsutvalet gler seg over det breie tilbodet for barn, unge og barnefamiljar i kyrkjelyden. Oppslutninga er svært god på dei kontinuerlege tiltaka, men kunne vore høgare når det gjeld deltaking på arrangement knytt til invitasjonane som vert sende ut til dei ulike årskulla. Samstundes er det viktig å vere klar over at kyrkjelyden er ein del av eit stort område med mange konkurrerande tilbod. Alt i alt er oppslutninga god, og det er stor optimisme for vidare arbeid.

Ei av sakene utvalet har sett i gang i 2024, er utbetring av klatreveggen på kyrkjetårnet. Målet er at dette skal vere klart i løpet av 2025.

Utvalet kan også sjå tilbake på både ein stor og vellukka juletrefest i januar og ein flott sommarfest i juni.

## Trusopplæringa

Trusopplæringa i 2024 har bestått av kyrkjelydspedagog Kathinka Røsberg Møller, kateketane Sølvi Irene Ulvestad og Jon Ivar Tønnesen, samt kapellan Bjarte Hove.

Opplegget omfattar både faste tilbod og breiddetiltak for ulike årskull. Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året. Breiddetiltaka er årlege samlingar for spesifikke årskull, der alle medlemmar og tilhøyrande i kyrkjelyden får ein personleg invitasjon i postkassa

## Breiddetiltak i 2024

- 1-årstreff med utdeling av boka om *Julebarnet*.
- 2-årstreff med utdeling av boka om *Noas ark*.
- 3-årstreff med utdeling av boka om *Jona*.
- 4-åringar: Undretur (Spjelkavik lørdag og Hatlehol torsdag) og gudsteneste med utdeling av «4-årsboka» både i Spjelkavik og på Hatlehol.
- Førskolesamling med utdeling av boka *Barabbas*, for 5 åringar
- 1.klassedag lørdag i Spjelkavik og bokutdeling av boka *Tre i eit tre* på gudstjeneste begge stader på søndagen.
- 2.klasseklubb (3 ettermiddagar) med overgang til Legoklubben.
- Fiske- og skattejakt for 3.klassinger (lørdag på Atlanterhavsparken) og gudsteneste med utdeling av boka *Skatten i Liljedal* i Spjelkavik.
- Tårnagenthelg for 4.klassinger med invitasjon til å delta på gudsteneste.
- 10 års dåpsfest og gudstjeneste med utdeling av *det nye testamente* for 5. klassinger.
- Lys våken-helg for 6. klassinger med utdeling av *salmebok* på hentegudstjenesten.
- Juniorkonfirmasjon for 7.klassinger, 3 samlingar.
- Fredagsfilmen for 8. klassingar. 3 samlingar med overgang til Filmklubben.

Tiltak	2024			2023			2022		
	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa	Deltakarar	Prosent	Personer i målgruppa
1-årstreff	27	15,88	170	28 (gj.ført i -24)	18,26	155	24	12,7	189
2-årstreff	32	20,65	155	24 (gj.ført i -24)	12	200	16	8,25	194
3-årstreff	36	18	200	16	8,1	197	31	20	155
4-åringar: Undretur	47	24,33	194	46	27,9	165	20	10,5	191
Førskolesamling	21	10,82	194	11	5,7	193	38	18,8	202
1.klassedag	28	18,06	201	34	16,9	201	20	10,0	201
2.klasseklubb	18	8,96	201	13	6,3	205	10	4,9	206
Fisketur- og skattejakt for 3.klassingar	15	7,35	168	28	13,6	206	17	7,3	232
Tårnagenthelg for 4.klassingar.	9	4,39	205	9	3,9	232	19	7,9	242
10 års dåpsfest for 5.klassingar.	8	3,42	234	13	5,4	241	14	6,0	232
Lys våken-helg for 6.klassingar	18	7,69	234	18	7,5	241	12	5,2	232
Juniorkonfirmasjon for 7.klassingar	22	9,32	236	9	4,0	228	17	6,6	257
Fredagsfilmen for 8.klassingar	12	5,38	223	13	5,0	260	7	2,9	239
Konfirmasjon	214	81,06	170	190	77,6	245	190	83,0	229



Bilder frå Fiske- og skattejakt på Atlanterhavsparken  
**Foto:** Kathinka R. Møller

## Faste aktivitetar i 2024

- Søndagsskolen i Spjelkavik, for 5-12 åringer
- Søndagsskolen og Bibelgjengen på Hatlehol, for 5-12 åringer
- Babysang, alder 0-1 år.
- Mini-Cantus 1, småbarnssong for 1-2 åringer.
- Mini-Cantus 2, småbarnssong for 3-åringer.
- Hatlehol Minigospel, kor for 3-5 åringer
- Cantus Vialis, kor for 4-5-åringer.
- Aspirantkoret for 1-2.klassinger.
- Barne- og ungdomskantoriet fra 3. klasse.
- Legoklubb fra 3.klasse.
- Aktivitetsklubb fra 7 klasse.
- Filmklubb fra 9.klasse.
- Familiemiddag for barn/ungdom i følge med familien.
- Hybelmiddag for studentar/skoleelevar som bur på hybel.

Aktivitet	Deltakarar 2024	Deltakarar 2023	Deltakarar 2022
Søndagsskolen i Spjelkavik	8	33	<i>Ikkje gjennomført</i>
Søndagsskolen og Bibelgjengen på Hatlehol	20	20	40
Babysang,	70	92	101
Mini-Cantus 1 og 2	57	<i>Deltakartal manglar</i>	44
Hatlehol Minigospel	28		
Cantus Vialis	42	<i>Deltakartal manglar</i>	87
Aspirantkoret	7	<i>Deltakartal manglar</i>	41
Barne- og ungdomskantoret	40	<i>Deltakartal manglar</i>	28
Legoklubb	47	29	26
Aktivitetsklubb	30	38	46
Filmklubb	22	22	21
Familiemiddag	51	38 (54 inkl. vaksne o/18 år)	45
Hybelmiddag	19		

Trusopplæringa har i 2024 jamleg hatt rundt 300 familiar som kvar månad deltek aktivt i kyrkjelyden sine faste aktivitetar. I tillegg har ei stor mengd menneske vore innom dei ulike breiddetiltaka, noko som viser kor omfattande arbeidet har vore dette året.

Målet om å innlemme flest mogleg tiltak i gudstenestene har framleis vore sentralt. Det har blitt arrangert om lag éi familiegudsteneste i månaden, der trusopplæringa har bidrege med kor, drama, tekstlesing, bønner og ulike ministrantoppgåver. I tilknytning til desse gudstenestene har det òg vore gjennomført eit mini-nattverdiskurs.

Trusopplæringa har vidare hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av kyrkjelyden si juletefest, som også i 2024 samla mange deltakarar. På neste side ser du eit bilete frå juletefesten.

Nytt frå 2024 var oppstarten av *Hatlehol Minigospel* i september. Koret, for barn i alderen 3–5 år, øver annakvar torsdag i lokala til Ålesund Folkehøgskule. Dette har vore eit etterlengta tilbod ved Hatlehol interimkyrkje og vart svært godt mottatt av barnefamiliar i nærmiljøet. Hausten 2024 hadde koret seks samlingar. Song, leik, livsglede, kos og mat er stikkord for Minigospel, og vi ønsker å legge til rette for trygghet, gjennom å synge, leike og spise sammen.

Ein annan nyoppstarta aktivitet er *Hybelmiddag* for studentar og skuleelevar som bur på hybel. Rett etter skuletid, den siste tysdagen i månaden, samlast deltakarane til ein sosial og inkluderande ettermiddag med biljardbord, brettspel, middag og dessert. Fellessongen

«Å du som metter liten fugl» er den einaste andakten, noko som skapar ein lågterskel og open atmosfære der alle er velkomne.



Bilde fra juletrengangen under juletreffesten **Foto: Kathinka R. Møller**

### **Samarbeid med barnehage og skule**

Vi har eit godt samarbeid med skulane om skulegudstenestene før jul. I 2024 hadde vi tilbod om skulegudsteneste også på Hatlehol, i tillegg til bedehusa på Blindheim og Emblem og sjølvst i Spjelkavik kyrkje. På den måten fekk vi med oss alle skulane på skulegudsteneste.

Under bispevisitasen i 2023 vart det lansert eit forslag til ny plan for samarbeidet mellom kyrkjelyden og skulane. Få av skulane har kome med tilbakemelding på denne og tida har ikkje strekt til for å følgje dette opp på ein god måte. Dermed går samarbeidet med skulane på lågbluss resten av året.

Også barnehagane vert invitert på gudstenester før jul, på dei to bedehusa og i kyrkja. Her er god deltaking og julestemning. Mange barnehagar får også besøk av ein av oss før påske der vi fortel påskefortellinga.

### **Konfirmantarbeidet**


Vi har eit populært konfirmantopplegg der vi tilbyr konfirmantane ulike opplegg. Hausten 2024 vart det 6 grupper på konfirmantleir på Bjorliheimen, 2 grupper på KRIK-leir i Stjørdal (KonfACTION Trøndelag) og 4 grupper KYRKJE-konfirmantar med samlingar i kyrkjekjellaren. Vi tilbydde også TUR/KLATRE-konfirmant og GLOBAL-konfirmant som det ikkje vart nok søkjarar på dette konfirmantåret. Vi gir tilpassa undervisning og opplegg til dei som treng det i konfirmasjonstida. I tillegg har vi EKSTERN-konfirmantar som er for dei som

vil bli konfirmert i Spjelkavik kyrkje, men har lyst til å følgje eit anna konfirmant-opplegg (til dømes hos Misjonssalen, eit bedehus eller Pinsekirka). Ekstern-konfirmantane er med på fellesarrangementa i Spjelkavik.

Vi har lang tradisjon i Spjelkavik med å ha konfirmantane med på ministrantteneste i gudstenestene våre. Dette krev ein god del søndagsarbeid, særleg av dei to kateketane, men vi har så langt prioritert å få dette til. Vi har også lang tradisjon med å arrangere flotte og høgtidelege konfirmasjonsgudstenester.

I starten var dagleg leiar med som minibuss-sjåfør på konfirmantleiren og i nokre år hadde kyrkjetenar Geir den oppgåva. Hausten 2024 og ein gong tidlegare var vi heldige og fekk med oss ein konfirmantar som minibuss-sjåfør, men dette er ei svært usikker løysing frå år til år.

Vi også har ein stadig utfordring med presteressursar til konfirmantarbeidet på grunn av lite presteressurs generelt og økonomiske innstramningar. Det har vore førespegla frå prosten at vi må greie oss med berre ein prest på konfirmantleiren på Bjorli, men då vil det ikkje la seg gjere å gjennomføre programmet på leiren. Lite presteressurs har allereie ført til at KYRKJE-konfirmantane dette konfirmantåret har fått færre samlingar i større grupper enn tidlegare, noko som ikkje er ideelt.



«Jesu virke»

**Kjelde:** boka «Glasskunsten i Spjelkavik kirke»



## Spjelkavik KFUK-KFUM-speidere

Medlemer i styret	
<b>Astrid Tønnesen</b>	Hovudleiar
<b>Kristin Mørkeseth</b>	Kasserar
<b>Jon Ivar Tønnesen</b>	Vandrarleiar
<b>Erik Staff</b>	Vandrarleiar

Speidarane i Spjelkavik har tilbod til Stigfinnarar (3.-4. klasse og nokre 2.-klassingar), Vandrarar (5.-10. klasse) og Rovarar (opp til 26 år). Oppdagarar (1.-2. klasse) har me ikkje nok leiarar til. Møter annakvar tysdag, som regel ute (bl.a. utanfor kyrkja, på Geileberga, eller ved Turheisa i Spjelkavik).

### Aktivitetar me vil framheve for 2024:

- Gruppetur til Speiderstua på Ørskogfjellet
- Deltaking på Dyrøydagen
- Mange møter med bål



*Bilde frå eit «Stifinnermøte» i Spjelkavik KFUK-KFUM-speidere utanfor Spjelkavik kyrkje.*

**Foto:** Astrid Tønnesen

Det store prosjektet vårt i 2024 var krinsleir på Gjermundnes. Me reiste 14 Speidarar og Rovarar. og 4 leiarar. Det var ein kjekk leir med mange spanande utfordringar og me fekk trent på leirliv før landsleir i 2025. Speidarane frå Spjelkavik viste god speidarkunnskap og vann konkurransen «Den gyldne knute».

Ingrid Tønnesen som er rover i gruppa var med som arrangør for lokaldelen av Roverway og fasiliterte besøk av 150 rovere frå heile verda på Røstadmarka skule. Roverane fekk oppleve fjelltur på Sulafjellet, vedarbeid på Dyrøya og kanopadling i Ellingsøyfjorden. Før dei reiste vidare til fellesleir i Stavanger.

Spjelkavik speidergruppe har i 2024 fått støtte frå Spjelkavik sokneråd, Frifond, Sparebanken Møre og Grasrotandelen, me takker for støtta.

Medlemstal per 31.12.2024 var 44 medlemmer, der 37 var under 26 år



*«Vandrarane» frå Spjelkavik KFUK-KFUM si speidargruppe på haik*

**Foto:** Jakob Schistad Staff

## Blindheim KFUK-KFUM-speidere

Medlemer i styret	
Anja Bjørkavåg	Leiar
Kari Vatne	Kasserar
Ingvild Havnes	Styremedlem
Robert Vorren	Styremedlem
Åsrún Eli Håvik	Styremedlem

Speidarane på Blindheim har aktivitet annakvar tysdag frå kl. 17.30 til 19.00. I tillegg arrangerer dei enkelte laurdagssamlingar og lengre turar. Dei deltek også på Småspeidardagen.

### Dette gleder oss siste år

Vi gleder oss over nye speidere.

### Våre utfordringar framover

Ei av dei største utfordringane for speidaren på Blindheim er å ha nok leiarar. Sjølv om mange foreldre er til stades under møta, er det vanskeleg å få nokon til å forplikte seg til eit leiar- eller assistentansvar. På grunn av dette er det inntaksstopp for nye barn inntil fleire vaksne tek på seg leiaransvar.



«Vandrarane» frå Spjelkavik KFUK-KFUM-speidarane vann den Gyldne Knute

Foto: Astrid Tønnesen

# Diakoni

Medlemer i diakoniutvalet	
Åsrún Eli Håvik	Diakon
Vigdís Vartdal	Medlem
Marianne Baarholm	Medlem
Torill Alnes	Medlem
Siri Bergh Sætremyr	Medlem
Berit Brusdal	Medlem
Frøydis Flem	Medlem
Lars Andreas Aspehaug	Soknerådet sin representant

## Inkluderande fellesskap

**Kyrkjeklubben** har samlingar annankvar veke, er med på gudstenester, har middagsstur til Brusdalsheimen og julefest. Musikkar Johan Grytten og diakon hadde «stand» på Livsmesse veivalg i kommunestyresalen. Nokre nye har vore innom klubben. Stabil medarbeidargruppe.

**Julegudsteneste** i gymsalen på Bogneset. Prosesjon i kvite kapper og deltaking i juleevangeliet.

**Formiddagsgudsteneste.** Kvar første onsdag i månaden, med felles lunsj etterpå. Kateket og diakon med spesielt ansvar. Hausten 2024 utan prest.

**12-treff** God matlyst og fellesskap. Spannande og variert program. Seniorutval og ei stabil medarbeidargruppe.

**Torsdagskveld i kyrkja** er undervisning for vaksne med bibelundervisning eller dagsaktuelle tema. Tre tenestegrupper tek ansvar for to kveldar kvar. Dei har m. a. ansvaret for å lage til kveldsmat. Innkjøpa er gjort. Tenestegruppene blir innkalla til samling ein gong i semesteret, for å drøfte arbeidet for komande halvår. Takk til frivillige som har gått ut av tenestegrupper. Her er det plass til nye.

**Internasjonal kafè.** Ein laurdag i månaden ved Røde kors, Norsk folkehjelp og Spjelkavik kyrkje. Frå kyrkja er Paula og Ketil Hjelset aktive i planlegging, annonsering, innkjøp, tilrettelegging, gjennomføring, etterarbeid og rekneskap.

**Samling for konfirmantforeldre** med Gamingforedrag for foreldre, ved Stefan Nordbø Halck i organisasjonen Barnevakten. Diakoniutvalet arrangerer temasamling, med mål om å gi støtte i oppgåva som tenåringsforeldre. I samarbeid med kateket, som gir informasjon om konfirmantåret.

**Kyrkjekaffi.** Torskemiddag, skjærtorsdagsmåltid, grillfest og festkake 1. juledag. Det var også kyrkjekaffi på høgtidsdagane palmesøndag, påskedag, 17. mai og pinsedag. Og

mange andre søndagar med kyrkjekaffi i kyrkjelydssalen. Og nokre få i kyrkjerommet, då det var dåpsselskap nede. Keltisk kveldsbøn har også nokre gongar kyrkjekaffi kyrkjerommet.

**Strikkekafé** Eit nyoppstarta tilbod lagt til Ålesund Folkehøgskule, annakvar torsdag. Eit tilbod for alle som liker strikking, hekling m.m. eller berre ønsker eit stad å vere sosial. Servering av kaffe/te/kakao og enkel kveldsmat.

## Nestekjærleik

**Keltisk kveldsbøn** er kveldsgudsteneste ein mandag i månaden, med musikk- og songglede, stillheit og bøn, dikt og refleksjon. Keltisk kveldsbøn har ei stabil medarbeidargruppe.

**Stille dag** med Geir Gundersen. Deltakarar frå heile Sunnmøre tek ein retrett frå kvardagen. Teolog og predikant Gundersen gir undervisning og impuls til stillheit og bøn.

**Institusjonsandakter** på omsorgssenter, bukollektiv og helsehus i soknet. Gudsteneste, songstund, hyggetreff og andakt ved prest, diakon og kyrkjemusikarar.

**Samtaletid på Blindheim omsorgssenter** annankvar onsdag ved prest eller diakon.

**Tap, livsmot og håp.** Undervisning på konfirmantleir ved diakon i samarbeid med prest.

**Minnegudsteneste** på allehelgensaftan. Etterlatte er invitert inn i kyrkjerommet, til musikk, dikt og lys tent for dei som døde. Open kyrkje med musikk i forkant. Kyrkjekaffi i våpenhuset etterpå.

**Sorgsamling** i juni og i november: «Møte med sorgen og livet som går vidare.» Samling for dei som har mist ein av sine nærmaste. Vi snakkar om kva sorg og tap gjer med oss og om kva som kan hjelpe til livsmot. Undervisning er ved diakon og prest. Samlinga er open for alle.

**Sorggruppe.** Ei gruppe vinteren 2023/2024. To grupper vinteren 2024/2025. 5-6 samlingar i Spjelkavik kyrkje ved diakonar i Spjelkavik og Sula sokn. Diakonar i Ålesund og Sula står saman om å invitere til sorggruppe og tilbodet er ope for alle.

**Mat og prat, hybelmiddag for skoleungdom:** Rett etter skuletid, siste tysdagen i månaden. Biljardbord og brettspel. Middag og dessert. Fellessang: «Å du som metter liten fugl» som einaste «andakt». Her er det ope for alle.

**Crossyoga.** Tre kurs i 2024, ved Jan Ketil Vinnes. Sjå me i under *CrossYoga*.

**Besøk- og samtaletilbod.** «Kvardagsprest» Audun Askim tok imot til samtaler i kyrkja til og med våren 2024. No er det tilbod om samtale med «medvandrer» Askim, på samtalerom på Moa kjøpesenter. Dette i samarbeid med Kirkens bymisjon. Diakon og prest tek imot til samtalar og går på besøk, som ein del av sitt arbeid.

## Kamp for rettferd og vern om skaperverket

**Fasteaksjonen** til Kirkens nødhjelp har gode resultat kvart år.

**Misjon.** Kyrkjelyden har misjonsutval og har misjonsavtale med NMS og Himalpartner. I gudsteneste er misjon med i forbøn, offer og informasjon. Sjå meir under *misjon*.

**Grøn kyrkjelyd.** Målet er å behalde Spjelkavik kyrkjelyd som grøn kyrkjelyd.

## Koordinering av frivillige

Aud Romslo Schistad var frivilligkoordinator i 20% stilling fram til sommaren 2024. Då hadde ho gjort avtalar med og fordelt kyrkjevert- og klokkearoppgåva for resten av året.

**På Hatlehol** er det eit imponerende, stort frivillig diakonalt arbeid. Her er kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste, «stol på meg»-gjengen, fellesskapsgrupper, «Heime på Hatlehol» og laurdagskafe. Hausten 2024 vart det starta opp ny aktivitet med kor, strikkekafe og temasamlingar, torsdagar på ettermiddag/kveld. Takk til frivillige som gjer at ny aktivitet kan starte opp!

## TAKK TIL ALLE GODE MEDARBEIDARAR!

Diakoniutval, seniorutval og planleggingsgruppa for Torsdagskveld i kyrkja er tre fora der vi planlegg diakoniarbeidet i Spjelkavik. Diakoniarbeidet krev at mange tek del og mange medarbeidarane står i arbeidet år etter år. Dei er ein stor rikdom for kyrkja! Kvar enkelt medarbeidar er viktig på sin plass. Tusen takk for at de tek del!!!

## Internasjonal kafé

Medlemer i styringsgruppa	
Ketil Hjelset	Spjelkavik kyrkje
Ingunn Aagård	Norsk Folkehjelp
Torunn Røyset Hole	Røde kors

Internasjonal kafé er eit samarbeidsprosjekt mellom kyrkja, Røde Kors og Norsk Folkehjelp. Det er oppretta ei ansvarsgruppe, og arrangementa er lagt til kyrkjelydssalen ein laurdag i månaden, frå kl.1300 til kl.1500.

Grupper frå innvandarmiljøet står for kjøkkenet. Dei serverer varmmat ut frå sine tradisjonar, og det er alltid velsmakande. Det vart gjennomført åtte arrangement i 2024, og vi har hatt kokkar frå Syria/Kurdistan, Ukraina, Somalia og Sri Lanka

Oppslutninga om kaféane varierer ein del, då vi har hatt frå 40 til 80 gjestar. Årsaka til variasjonane ligg truleg noko i mangelfull informasjon etter at Nytt i Uka gjekk inn som papiravis.

Internasjonal kafé er eit reint integreringsarbeid der menneske med ulik bakgrunn møtest på nøytral grunn. Føremålet er å byggje ned fordommar og skiljelinjer slik at vi kan lære oss å leve saman trass ulik bakgrunn, kultur og religion.

Økonomien i prosjektet er sikra gjennom statlege integreringsmidlar, for det er slik at kafégjestane betalar etter evne.

### Dette gleder oss siste år

Arrangementa våre er prega av god mat og god stemning. Den største gleda i er å møte gode, arbeidsame, opne og pålitelege menneske frå andre kulturar.

Vi fekk for første gong med oss kokkar med tamilsk bakgrunn. Det var eit svært positivt tilskot.

### Våre utfordringar framover

Kyrkja sin representant går ut av styringsgruppa til sommaren. Det blir lett slik at kyrkja sin representant blir sentral i arbeidet, då han/ho kjenner huset godt. Prosjektet si framtid vil vere avhengig av at nokon nye frå kyrkja går inn og tar ei koordinerande rolle.

Informasjonsarbeidet er utfordrande etter at Nytt i Uka gjekk inn som papiravis. Denne kom ut til alle, og annonsane der nådde fram til innvandrargruppene. Sunnmørsposten har ikkje same nedslagsfeltet.

## CrossYoga

Eit av dei nyaste tilskota til aktivitetane i soknet er CrossYoga, der Jan Ketil Vinnes er initiativtakar og drivkraft.

### Samlingar i 2024

I løpet av 2024 har det vore arrangert 20 samlingar fordelt på tre ulike kurs: Yin Yoga, Tibetansk rite og Qigong. Til saman har 30 deltakarar vore med på kursa, og gjennomsnittleg deltaking per samling har vore rundt åtte personar. Desse samlingane har skapt eit fellesskap der deltakarane har fått lære og praktisere ulike metodar for rørsle, pust og mental ro.

### CrossYoga har fleire viktige mål:

- Skape rom for Guds nærvær og la det påverke den mentale helsa vår – frigjerande, fylt av fred og glede i Gud.
- Styrkje muskulaturen, sleppe taket på spenningar i kroppen, auke kondisjon og redusere stresshormon.
- Bygge fellesskap gjennom monolog og felles kveldsmat i den andre delen av samlinga.
- Støtte misjonsprosjekta i kyrkjelyden. Kursa har ein gjennomsnittspris på 1000 kroner per deltakar, og desse midlane går til misjonsarbeid.

### Tiltak for å nå måla

For å skape ein motvekt til kvardagsstress, legg CrossYoga til rette for små pusterom der deltakarane kan finne ro og kvile. I ein hektisk kvardag brukar vi mykje tid på å overtenkje, bekymre oss og oppleve stress. CrossYoga tilbyr ein pause frå dette, der ein berre kan vere til stades i augneblinken.

### Utfordringar framover

- **Lydforhold i ungdomssalen**  
Lokalet vi brukar i dag, ungdomssalen, har utfordringar med dårleg akustikk, noko som gjer det vanskeleg for enkelte å få med seg det som blir sagt. Ei mogleg løysing kan vere å flytte samlingane til Ålesund folkehøgskule på sikt.
- **Yoga i det fri – eit unikt tilbod**  
Det å praktisere yoga utandørs gir ei ekstra dimensjon til opplevinga. Derfor vil vi i mai arrangere samlingar i ein hage ved Borgundfjorden. I tillegg vil vi kombinere økta med gå-jogg eller løping, og som ein ekstra bonus tilby bading og badstue etterpå. Dette er eit unikt og eksotisk tilbod, men marknadsføringa har så langt vore ei utfordring. Her trengst det drahjelp for å nå ut til fleire.



## Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

### Organisten si verksemd

Den kyrkjemusikalske aktiviteten i Spjelkavik kyrkje vore prega av eit variert og rikt musikalsk liv. Gudstenester, høgtider og andre samlingar har vore løfta av mellom anna kyrkjekor, barne- og ungdomskantoriet med aspirantgrupper, solistar, orgel og piano. Repertoar spenner frå klassisk kyrkjemusikk til nyare stilartar, jazz og pop. Det musikalske arbeidet er ein viktig del av kyrkjelydslivet og skaper fellesskap, inspirasjon og refleksjon for dei som kjem til kyrkja. Eit høgdepunkt for kantor Oddgeir Nossen var samspel med bandet med mellom anna Anders Moen på frivilligheitsfesten hausten 2024.

Vi har også gjennomført mange konsertar både dei vi har arrangert sjølve, og dei vi har vore vertskap for gjennom utleige av kyrkja. Av dei vi har arrangert sjølve kan vi mellom anna nemne

- Silje Nergaard og Espen Berg
- Kåre Nymark og Tord Gustavsen
- Oddgeir Nossen og elevar frå kulturskulen
- Norvald Dahl,
- Samuel Skrede og Brandt Fredriksen
- Rasmus Kjørstad, Jan Martin Gismervik og Adrian Myhr

Spjelkavik har ein levande kyrkjemusikktradisjon som vi vil ta vare på og vidareutvikle. Dette inkluderer mellom anna å ha blåsegruppe og kor

- 1 juledag
- 1 påskedag
- Allehelgensdag

I tillegg har vi fleire andre tradisjonar som til dømes skjærtorsdag, langfredag, påskenatt, og minne gudsteneste der lokale musikktradisjonar spelar ei sentral rolle.

### Korskulen

Ved utgangen av 2024 hadde Korskulen 283 medlemmar fordelt på ulike grupper tilpassa alder og nivå. Dei yngste deltek i babysang, medan Mini-Cantus og Cantus Vialis samlar barn frå eitt til fem år. Aspirantkoret består av songarar frå 1. og 2. klasse, medan Barne- og ungdomskantoriet omfattar songarar frå 3. klasse og oppover. Aspirantkoret har i år hatt 24 songarar, medan Barne- og ungdomskantoriet har hatt 40.

Koret har jamlege øvingar gjennom heile året. Babysang vert arrangert kvar tysdag føremiddag, medan Mini-Cantus samlast annakvar måndag og Cantus Vialis annakvar onsdag. Aspirantkoret øver annakvar onsdag, og Barne- og ungdomskantoriet har fast øving kvar onsdag frå kl. 17.30 til 19.00. Etter at barnekantoriet tek pause, har ungdomskantoriet eiga øving. Annakvar onsdag får aspirantkoret vere med på siste del av

øvinga, noko som har vore ei fin ordning for å skape samhald mellom gruppene. Kvar øvingskveld vert avslutta med kveldsmat, noko både små og store set stor pris på.

Gjennom året har koret vore aktivt med på fleire gudstenester og arrangement. Barne- og ungdomskantoriet har hatt 37 øvingar og delteke med song, drama, tekstlesing og bøn ved sju familiegudstenester. Dei var også med på Luciakonsert og juletreffest. Cantus Vialis har hatt 20 øvingar og deltok på familiegudstenesta i november, der 4-årsboka vart delt ut, i tillegg til sommarfesten og juletreffesten. Mini-Cantus har hatt heile 40 øvingar og var òg med på familiegudstenesta med sommarfest og juletreffesten. Babysang har hatt 42 samlingar i løpet av året.

Ein av dei store opplevingane dette året var korturen til Brusdalsheimen i mars. Barne- og ungdomskantoriet drog på tur, og aspirantane kom på dagsbesøk. Det vart ei fin stund med song og musikk, der koret fekk glede bebruarane med vakre tonar. Ungdomskantoriet har også vore aktivt og song mellom anna på Hatleholbasaren.

Medlemmane i koret har i tillegg fått delta på fleire inspirerende samlingar og kurs. Dei har vore med på kantorileiarkurs både i Sykkylven og Molde, vore på pilegrimsvandring over Dovre og delteke på korsommarskule på Mjuklia. Ungdommane har hatt treff i Spjelkavik, vore med på *Singing Together* på Lista og delteke på nyttårsleir i Stavanger.

Korskulen har hatt eit aktivt og innhaldsrikt år, der songglede, fellesskap og trusopplæring har stått i sentrum. Gjennom både faste øvingar, gudstenestedeltaking og større samlingar har koret fått utvikle seg musikalsk, sosialt og åndeleg. Vi ser fram til eit nytt år med nye moglegheiter og songglede!

## Spjelkavik kyrkjekor

Medlemer i styret	
Ketil Hjelset	Leiar
Lidvar Flydal	Styremedlem
Helen Røsvik	Styremedlem
Oddgeir Nossen	Dirigent

Spjelkavik kyrkjekor hadde jamn og god aktivitet i 2024. I løpet av året deltok vi i elleve gudstenester, men ei av desse var lagt til Sylte kyrkje i Valldal. Å delta i gudstenester er den viktigaste oppgåva til koret, og særleg gjeld det høgtidsdagane.

Palmesøndag deltok koret tradisjonen tru i Borgund kyrkje saman med koret der, og vi framførte «The Crucifixion» av John Stainer. Det vart ein fin konsert med påsketema.

Vårsemesteret vart avslutta med at vi deltok i gudstenesta i Sylte kyrkje i Valldal og heldt konsert i Stordal kyrkje søndag 9. juni.

Hautsemesteret opna med at koret heldt ei «12-konsert» i Volda kyrkje laurdag 14. september. Den vart svært vellukka, kanskje det beste koret nokon gong har gjort a capella.

7. oktober gjennomførte koret ein salmekveld i samarbeid med diakonatet. 100-årsjubilanten Egil Hovland var tema, og tidlegare kantor Ola Eide fortalde om han. I tillegg var det både korsong og allsong.

Hausten si store satsing var framføringa av dei tre første kantatane i Bach's Juleoratorium. Kantor i Volda, Bert Handrick, var primus motor, og det vart konsert både i Volda kyrkje og i Spjelkavik kyrkje i desember, saman med Borgund kyrkjekor og det Volda-baserte Sunnmøre Oratoriekor. Konsertane vart svært vellukka, truleg dei beste framføringane av juleoratoriet vi har fått vere med på. Godt for oss at kantor i Volda også hadde det økonomiske og administrative ansvaret for prosjektet. Det var høgt satsa, men gjekk truleg bra då billettsalet var over all forventning.

### Dette gleder oss siste år

- Det er trivsel og fint miljø i koret.
- Songarane finn det meningsfullt å delta ved gudstenestene.
- Vi har hatt store opplevingar i samband med konsertane våre.

### Våre utfordringar framover

Den store utfordringa for kyrkjekoret er rekruttering. Særleg på damestemmene er det svært sårbart, og gjennomsnittsalderen har runda 70. Mange kyrkjekor slit dessverre med dette.

## Borgund og Spjelkavik kyrkjeakademi

Medlemer i styret	
Marit O. Kaldhol	Leiar
Trond Stavseng	Styremedlem ( <i>Spjelkavik</i> )
Severin Roald	Styremedlem ( <i>Spjelkavik</i> )
Solfrid P. Viset	Styremedlem
Arvid Helle	Styremedlem
Stine Lerheim (permisjon)	Styremedlem

Aktiviteten i 2024 har bestått av tre opne publikumsarrangement, vår, sommar og haust. Styret har hatt fem fysiske styremøte, og samarbeid med Kirkens Bymisjon, Møre bispedømme, Moa bibliotek og kyrkjelydane i Borgund og Spjelkavik. Laget var representert med éin delegat på NKA sitt årsmøte sentralt, 15.-17. mars, på Gran.

### Dei opne publikumsarrangementa var desse:

23. april: Foredrag m/bilde v/Kjetil Lillesæter: Welcome to Gaza - om kvardagsliv og gjestfridom før krigen. i samarbeid med Moa bibliotek Stad: Moa bibliotek

29. juli: Olsok-markering i Borgund Gudsteneste i Borgund kyrkje Foredrag v/Geir Gundersen: I lys av lover 1024 – 2024 - kva står det om no? Kafé i Borgund menighetshus

12. nov.: Foredrag v/Hans Wilhelm Steinfeld: Troens kår i ateismens rike Samtale med biskop Ingeborg Midtømme Stad: Spjelkavik kyrkje

**Medlemstal pr. 31.12.2024:** 68 registrerte medlemmar

## Avslutning og takk

Ved oppsummering av året er det ett ord som først kommer opp: Takk.

Det legges ned et utrolig flott arbeid i Spjelkavik sokn. Vi har dyktige ansatte i Prestestillinger og stab som hver eneste dag gjør sitt ytterste for at alle små og store arrangement i og rundt kirka skal bli så bra som mulig. Arbeidet består i å ta vare på menneskene i alle livets faser fra inngang med dåp og glede til bortgang og sorg – og alt derimellom. Tusen takk for innsatsen til alle!


Frivillige er oljen i maskineriet som gjør at alt små og store detaljer bare ordner seg. Å være frivillig medarbeider gir samhold og tilhørighet som er rikt for den enkelte og viktig for soknet. Tusen takk for den innsatsen som blir lagt ned.

Felleskapet i Spjelkavik kirke og i Hatlehol gir viktige møteplasser for deg og meg, der Guds ord blir forkynt og vi sammen kan møtes både med tro og tvil. Samhold gjør oss sterkere og i en stadig mere urolig tid gir felleskap med hverandre og med Jesus en varm trygghet.

Takk for ditt bidrag i vårt fellesskap.

På vegne av soknerådet

*Kjell-Egil Hanken*



Spjelkavik kyrkje i haustfargar

**Foto:** Helge Arne Hanken

***Årsrekneskap 2024***

***Spjelkavik Sogn***

Regnskapsskjema - Drift, Spjelkavik Sokn		Regnskap	Regulert budsjett	Opprinn. budsjett	Regnskap
		2024	2024	2024	2023
<b>Inntekter:</b>					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	666 489	760 000	760 000	830 012
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	119 336	185 000	185 000	149 820
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale				
800-829	Statlige tilskudd	14 940	74 000	74 000	73 820
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.		10 000	10 000	10 000
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd		50 000	50 000	13 000
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	1 050 852	1 015 000	1 015 000	866 209
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 851 618</b>	<b>2 094 000</b>	<b>2 094 000</b>	<b>1 942 861</b>
<b>Utgifter:</b>					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter	88 045	80 000	80 000	88 152
100-299	Kjøp av varer og tjenester	1 195 228	1 360 000	1 360 000	1 233 842
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift	181 598	250 000	250 000	95 863
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale				
(400-479)	Tilskudd og gaver	429 736	404 000	404 000	386 878
<b>Sum driftsutgifter:</b>		<b>1 894 607</b>	<b>2 094 000</b>	<b>2 094 000</b>	<b>1 804 734</b>
<b>Brutto driftsresultat:</b>		<b>-42 990</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>138 127</b>
900-909	Renteinntekter og utbytte	51 738		0	39 546
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>51 738</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>39 546</b>
590	Avskrivninger note 1	89 600			79 100
990	Motpost avskrivninger	89 600			79 100
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>8 748</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>177 673</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)				223 618
940-949	Bruk av ubundne fond note 3				
950-959	Bruk av bundne fond note 4				
960	Bruk av likviditetsreserve				
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>223 618</b>
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)				223 618
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 3				
550-559	Avsatt til bundne fond note 4	180 000			
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
<b>Sum avsetninger</b>		<b>180 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>223 618</b>
<b>580</b>	<b>REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK</b>	<b>-171 252</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>177 673</b>
<b>980</b>	<b>REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK</b>	<b>171 252</b>			

Regnskapsskjema - Investering, Spjelkavik Sogn		Regnskap	Regulert budsjett	Opprinn. budsjett	Regnskap
		2024	2024	2024	2023
010-299	Investeringer i anleggsmidler	48 708			209 429
429	Merverdiavgift				52 357
479	Kostn ifm arv				0
340	Refusjon andre				0
510	Avdrag på lån (ekstraord)				
520-529	Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.				
530	Dekning av tidligere års udekket				
540-560	Avsetninger Note 4	687 512			631 589
<b>Årets finansieringsbehov</b>		<b>736 220</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>893 375</b>
<b>Finansiert slik:</b>					
7280	Mva				
8740	Andre inntekter	94 398			292 078
8700	Tilskudd/gaver fra andre				0
9000	Renteinntekter	641 823			391 869
920	Mottatte avdrag på utlån (ekstraord)				
<b>Sum ekstern finansiering</b>		<b>736 220</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>683 946</b>
970	Overført fra driftsregnskapet				
940-960	Bruk av avsetninger	0			0
<b>Sum finansiering</b>		<b>736 220</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>683 946</b>
<b>580/980</b>	<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-209 429</b>



Regnskapsskjema - BALANSE Spjelkavik Sogn		Regnskap 2024	Regnskap 2023
<b>EIENDELER:</b>			
<b>Kap x.2</b>	<b>Anleggsmidler</b>		
	Note 1	<b>5 526 958</b>	<b>5 616 558</b>
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg	5 526 958	5 616 558
x.24-x.26	Utstyr, maskiner og transportmidler		
x.22-x.23	Utlån		
x.21	Aksjer og andeler		
<b>Kap x.1</b>	<b>Omløpsmidler</b>	<b>14 971 726</b>	<b>14 070 028</b>
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer	Note	
	2	179 995	868 014
x.18	Aksjer og andeler		
x.12	Sertifikater		
x.11	Bank bundet til Hatlehol kyrkje	13 300 280	12 213 500
x.10	Kasse, bankinnskudd drift	1 491 451	988 514
<b>SUM EIENDELER:</b>		<b>20 498 684</b>	<b>19 686 586</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD:</b>			
<b>Kap 2.x</b>	<b>Egenkapital</b>	<b>20 243 750</b>	<b>19 637 089</b>
x.56-x.58	Disposisjonsfond	Note	
	3	1 231 523	1 231 523
x.51-x.52	Bundne driftsfond	Note	
	4	432 730	252 730
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond		
x.55	Bundne investeringsfond	13 255 548	12 568 036
	Note 4		
x.5950	Regnskapsmessig merforbruk	-171 252	
x.5900	Udekket i investeringregnskapet	-209 429	-209 429
x.5960	Regnskapsmessig mindreforbruk	177 673	177 672
x.5980	Likviditetsreserve		
x.5990	Kapitalkonto	5 526 958	5 616 558
	Note 5		
<b>GJELD</b>			
<b>Kap x.4</b>	<b>Langsiktig gjeld:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån		
x.43-x.44	Sertifikatlån		
x.45-x.49	Andre lån		
<b>Kap x.3</b>	<b>Kortsiktig gjeld:</b>	<b>254 934</b>	<b>49 496</b>
x.31	Kassekredittlån		
x.32-x.39	Annen kortsiktig gjeld	Note	
	6	254 934	49 496
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL:</b>		<b>20 498 684</b>	<b>19 686 586</b>
<b>Kap x.9</b>	<b>Memoriakonti:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
x.9100	Ubrukte lånemidler		
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti		
x.9999	Motkonto for memoriakontiene		

## Noter til årsrekneskap 2024 Spjelkavik Sogn

### Note 1

#### Anleggsmidler

	Inng saldo	Avskrivninger	Aktivering	Utg.saldo	Avskrivnings- periode
Utsmykning	730 239			730 239	Ingen
Glassmaleri	3 350 221			3 350 221	Ingen
Kyrkjeorgel	914 000	-23 000		891 000	60 år
Lydanlegg	251 429	-17 500		233 929	20 år
Petrof Flygel	33 300	-11 100		22 200	20 år
Nærmiljøanlegg	189 000	-23 000		166 000	20 år
Oppussing kjøkken	147 000	-15 000		132 000	20 år
Aksje og andeler	1 369			1 369	Ingen
	<u>5 616 558</u>	<u>-89 600</u>	<u>0</u>	<u>5 526 958</u>	

### Note 2

#### Kortsiktige Fordringer

Momskompensasjon	105 244
Diverse fordringar	74 752
Kundefordringer	0
<u>Kortsiktige fordringar i alt</u>	<u>179 995</u>

### Note 3

#### Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
Disp.fond Menighetsråd	1 231 523	0		1 231 523
<u>Disposisjonsfond i alt</u>	<u>1 231 523</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>1 231 523</u>

## Note 4

### Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
B.dr.f.Diakonatomidler	192 730			192 730
B.dr.fond, - Stabsbygging	15 000	0		15 000
B.dr.fond, utsmykking kyrjerommet	45 000			45 000
B.dr.fond, Scenelys i kyrkerommet			180 000	180 000
<b>Bunde driftsfond i alt</b>	<b>252 730</b>	<b>0</b>	<b>180 000</b>	<b>432 730</b>

### Bunde Investeringsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg saldo
Fond Hatlehol kyrkje	12 568 036		687 512	13 255 548
<b>Bundne investeringsfond i alt</b>	<b>12 568 036</b>	<b>-</b>	<b>687 512</b>	<b>13 255 548</b>

## Note 5

### Kapitalkonto

Inngående Saldo	5 616 558
Aktivering anleggsmidler	
Avskrivninger anleggsmidler	-89 600
<b>Utgående saldo</b>	<b>5 526 958</b>

## Note 6

### Anna kortsiktig gjeld

Offer til andre	0
Leverandørgjeld	254 934
<b>Anna kortsiktig gjeld i alt</b>	<b>254 934</b>

## Note 7

### Endring i arbeidskapital

<b>Fra balansen</b>	<b>Omløpsmidler</b>	<b>Kortsikt.gjeld</b>	<b>Sum</b>
Saldo 01.01.	14 070 028	49 496	14 119 524
Saldo 31.12.	14 971 726	254 934	15 226 660
			<b>1 107</b>
<b>Årets endring i balansen</b>	<b>901 698</b>	<b>205 437 136</b>	

<b>Fra bevilgningsregnskapet</b>	<b>Driftsregnskapet</b>	<b>Inv.regnskapet</b>	<b>Sum</b>
Sum			
inntekter	1 851 618	94 398	1 946 015
Sum utgifter	-1 894 607	-48708	-1 943 315
Eksterne finanstransaksjonar	51 738	641822,74	693 561
<b>Årets endring i bev.regnskapet</b>	<b>8 748</b>	<b>687 512</b>	<b>696 261</b>

## Note 8

### Ytelse til dagleg leiar

Soknet har dagleg leiar tilknytta Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Ålesund kyrkjelege fellesråd er ansvarleg for løn og møtegodtgjersle.

